



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Gøril Vikøren Nøkleby, 5557 2107

Vår dato  
08.05.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/5968 632.4  
Dykkar referanse

Rådmannen  
Meland Kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

## **Varsel om tilsyn - Kommunen si forvalting av introduksjonslova**

Fylkesmannen i Hordaland opnar med dette tilsyn med Meland kommune. Tilsynet gjeld kommunen si forvalting av lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarar (introduksjonslova).

### **Fylkesmannen sin heimel for å føre tilsyn**

Introduksjonslova § 23 gjev fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunane si oppfylling av plikter etter kapittel 2 til 4 og § 25 tredje og fjerde ledd. Tilsynsheimelen omfattar òg forskrifter gjeven i medhald av desse føresegnene. Tilsynet skal gjennomførast i samsvar med kommunelova kapittel 10A, jf. introduksjonslova § 23 andre ledd.

### **Føremålet med tilsynet**

Tilsynet sitt føremål er å bidra til auka etterleving av lova og kvalitet i den kommunale tenesteproduksjonen. Brot på introduksjonslova kan ha rettstryggleiksmessige konsekvensar for deltararane. Det kan òg ha samfunnsøkonomiske konsekvensar gjennom forseinkingar i den einskilde sin overgang til utdanning eller arbeid.

### **Tema for tilsynet**

Fylkesmannen skal i 2017 gjennomføre tilsyn med kommunen si forvalting av introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd, samt forvaltingslova sine føresegner om einskildvedtak knytt til desse paragrafanane.

Tilsynet vil omfatte om kommunen sikrar:

- 1) Utarbeiding av individuelle planar i tråd med lovkrava i § 6 og § 19 første ledd som fastsetjast ved enkeltvedtak
- 2) At den individuelle planen er individuelt tilpassa og utarbeidd i samråd med deltarar
- 3) At den individuelle planen inneheld start på programmet, tidsfasar og en oversikt over tiltaka i programmet
- 4) At planen takast opp til en ny vurdering med jamne mellomrom og ved vesentleg endring i deltararen sin livssituasjon
- 5) At vesentlege endringar i den individuelle planen fastsetjast ved enkeltvedtak

## **Avgrensing av tilsynet**

Tilsynet omfattar ikkje individuell plan for dei som berre deltar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova §§ 17 og 19, og ikkje har denne opplæringa som ein del av eit introduksjonsprogram. Tilsynet er vidare avgrensa mot ei nærmare vurdering av introduksjonsprogrammet sitt innhald (kor føremålstenleg tiltaka som inngår i programmet er). Vurderingar av kommunen sin prosess rundt utarbeidingsa av den individuelle planen og andre føremålvurderingar som avheng av kommunen sitt skjønn er heller ikkje del av tilsynet.

## **Kven tilsynet omfattar**

Tilsynet rettar seg mot kommunen som ansvarleg for forvaltinga av introduksjonslova. Dersom andre gjer tenester på vegne av kommunen, vil desse kunne bli bedne om å gje informasjon, men Fylkesmannen sin konklusjon vil rette seg mot kommunen som ansvarleg for å leggje til rette for introduksjonsprogram

Sidan kommunar er ulikt organisert, vil endeleg oversyn over deltakarar først verte klar etter føremøtet eller annan kontakt med kommunen.

## **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet vil i hovudsak vere eit skriftleg tilsyn. Med det meiner vi at

- Kommunen sender inn dokumentasjon slik det går fram av dette varselet
- Fylkesmannen vurderer dokumentasjonen og kan be om fleire opplysningar
- Om Fylkesmannen finn det naudsynt for å klargjere bilete meir, vil vi avtale eit møte med kommunen.
- Fylkesmannen utarbeider ein førebels tilsynsrapport, som kommunen får høve til å uttale seg om før ein endeleg rapport blir utarbeidd og sendt til kommunen
- Saman med utsending av endeleg rapport får kommunen ein frist til å sende inn ein plan som synar tiltak som skal settast i verk for å få ein praksis som er i samsvar med regelverket. På grunnlag av kommunen sin plan får kommunen ein rimeleg frist til å rette forholda.
- Dersom lovbroter ikkje er retta innan fristen, kan Fylkesmannen gi pålegg om retting.

Fylkesmannen vil i tillegg til det skriftlege tilsynet intervju deltakarar for å sikre ei forsvarleg utgreiing og måloppnåing med tilsynet. Fylkesmannen vil velje ut deltakarer for intervju i NIR og be kommunen leggje til rette for intervju med desse.

## **Tidsplan for tilsynet**

Førebels tidsplan er som følgjer:

16. mai	Føremøte med kommunen i Statens Hus kl. 10.00-12.00
8. juni	Frist for innsending av dokumentasjon til fylkesmannen
Veke 24/25	Gjennomgang av saksmapper
Veke 24/25	Opningsmøte og intervju
30. juni	Utsending av førebels tilsynsrapport
1. august	Frist for attendemelding frå kommunen på førebels tilsynsrapport
	Sluttmøte med kommunen
18.august	Utsending av endeleg tilsynsrapport

Det takast atterhald om endringar i planen.

Føremøte vil haldast i Statens hus, Bergen. Fylkesmannen ber kommunen leggje til rette for gjennomgang av saksmapper, opningsmøtet, intervju og sluttmøtet i kommunen sine lokaler.

### **Kontaktperson**

Vi ber kommunen oppnemne ein kontaktperson for dette tilsynet og melde det til fylkesmannen snarast mogleg. Kontaktperson og tilsynsleiar hos fylkesmannen er Johan Sverre Rivertz, e-post fmhojsr@fylkesmannen.no og telefon 55 57 22 62.

### **Innsending av dokumentasjon**

Fylkesmannen ber Meland kommune om å sende inn den dokumentasjonen som går fram av vedlegg 2 til dette brevet, slik at dette er hos fylkesmannen seinast 8. juni.2017.

I vedlegget (vedlegg 2) ligg eit spørjeskjema som kommunen skal fylje ut. Det er viktig at eventuell dokumentasjon knyttast opp til dei enkelte spørsmål.

I den grad det ligg føre ber vi om at følgjande skriftleg dokumentasjon vert oversendt.

- 1) Svar på alle kontrollspørsmål i vedlegg 2
- 2) Aktuell dokumentasjon knytt til dokumentasjon av kontrollspørsmåla
- 3) Dersom kommunen har dokumentasjon utover den som følgjer nedanfor og ser denne som relevant for tilsynet, ber vi om at dette òg leggjast ved.

Dokumentasjonen som sendast inn kan unnatakast frå innsyn i den grad dette er heimla i offentlegheitslova.

Med venleg helsing  
Fylkesmannen i Hordaland

Johan Sverre Rivertz  
seniorrådgjevar

Gøril Vikøren Nøkleby  
seniorrådgjevar

Vedlegg 1: Gjennomføring av tilsynet  
Vedlegg 2: Krav til utgreiing og dokumentasjon frå kommunen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

(vedlegg 1 til tilsynsvarslet)

## **Gjennomføring av det stadlege tilsynet**

Kommunen finner eigna lokale til gjennomgang av saksmapper, opningsmøtet, intervju og sluttmøtet. Dersom det ikkje er tilgjengeleg utstyr for å vise PowerPoint-presentasjon (projektor og lerret), bedast det om at fylkesmannen får attendemelding om dette.

### **Føremøte**

Føremøte er eit møte mellom fylkesmannen og kommunen sin kontaktperson og eventuelt andre frå kommunen der gjennomføring av tilsynet vert drøfta. Dette møtet avhaldast i god tid før frist for innsending av dokumentasjon. Tidsramme: 1 time. Møtet vert på Statens Hus, Bergen.

### **Gjennomgang av saksmapper**

Fylkesmannen gjennomgår utvalde saksmapper i kommunen sine lokale. Kommunen sin kontaktperson eller annan tilsett er tilgjengeleg for spørsmål. Tidsramme: 1 dag.

Kommunen sin kontaktperson vil få melding om kva deltakarar fylkesmannen vil sjå mappene til.

### **Opmøte**

Opmøtet haldast ved starten av dag 2 og vert leia av tilsynsleiar hos fylkesmannen.

Føremålet med opmøtet er å gje dei personane frå kommunen som vert involvert i tilsynet informasjon om tilsynet sitt føremål, tema, lovgrunnlag, omfang og gjennomføring.

Når det gjeld deltaking på møtet visast det til tilsynsvarselet.

Dagsorden for opmøtet er:

- Dersom det ikkje er gjort i føremøtet, innleier kommunen kort om organisering av arbeidet med introduksjonslova (10-15 minutt)
- Fylkesmannen orienterer om:
  - tema for tilsynet og kva som vil vere i fokus
  - lovgrunnlaget for tilsynet med tilhøyrande kontrollspørsmål
  - tilsynsmetodikken
  - den vidare framdriftsplanen for tilsynet
  - utforming av tilsynsrapport
  - bruk av tilsynsresultat
  - tidsplan for intervju
- Eventuelle oppklarande spørsmål.

## **Intervju**

Intervju med sentrale personar i kommunen og deltakarar gjennomførast rett etter opningsmøtet. Kommunen vil få tilsendt ein detaljert tidsplan for når fylkesmannen ønskjer å snakke med den einskilde. Endeleg tidsplan vil verte utforma i samråd med kommunen sin kontaktperson. Kvalifisert tolk må vera tilgjengeleg ved behov for intervju med deltakarar.

## **Sluttmøte**

Det vil verte gjennomført eit sluttmøte med kommunen. I førekant av sluttmøtet vil kommunen få den førebelse tilsynsrapporten og få høve til å gje ei skriftleg attendemelding på denne.

Føremålet med sluttmøtet er å presentere konklusjonar frå tilsynet (konklusjonar eller merknadar), samt å avklare eventuelle feil ved fylkesmannen si forståing av dei faktiske tilhøve. Det vil verte ein særleg gjennomgang av den attendemeldinga kommunen har gjeven på den førebelse tilsynsrapporten.

Når det gjeld deltaking på sluttmøtet visast det til tilsynsvarselet.